

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 21.02.2008 **Tid:** 14.00-20.45

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 21, inkl. 2 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**

Jon Magne Bøgevik  
Odd Lønnebakken

**I staden møtte:**

Tyra Pedersen  
Ole Totland

**Andre som var tilstade på møtet:** Sak 1/08: Ivar Erstad, John Inge Sandvik, KarenTvedt og Per Eikestad. Sak 07/08: Magda Haugen og Sak 09/08: Helene Dahl.  
Adm.sjef Ramsli og ass.adm.sjef Våge under heile møtet.

**Merknader:**

Evt. Merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 22.02.2008

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkallinga og saklista vart godkjent med følgjande endring: Sak 9/08 vart handsama etter sak 1/08.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**VAL AV TRE REPRESENTANTAR SOM SKAL SKRIVA UNDER MØTEPROTOKOLL:**

Bright Olav Gåsdal , Trude Løvskar og Marit Aase

**UTVALET SITT KVARTER:**

Sture Tveit viste til arbeidet med ambulansen og kravet til legeteneste ved akutt sjukdom.

Han ønska ei orientering på kva som meinast med "first responder". Ordføraren orienterte om at dette er ein slags "støtteambulans" som td. lege/brannkorps kan køyra inntil ambulansen er ledig frå andre oppdrag. Kommunen vil få ansvaret for drift og vedlikehald av denne ordninga. Både "first responder", legevaktsentralen, vakt samarbeid på kveldstid og ressursar til legekantoret vert no vurdert og lagt fram til politisk handsaming i kommunestyret.

Tveit ønska også status for breibandutbygginga. Adm.sjefen orienterte om at utbygginga breibandet er gjennomført i tråd med planen. Høysæter og Trengereidfjorden var ikkje med i planen, og enkelte område på Tveit. Samnanger fekk i slutten av 2007 kr. 130.000 i tilskot frå Høycom til vidare utbygging av breibandet i kommunen. Kommunestyret må i løpet av våren ta stilling til evt. vidare utbygging og delfinansiering med "eigenandel" for å få dekkja dei gjenstående grendene..

Sigmund Dyrhovden viste til den dårlige vegen til Totræna og peika på at dette er ein privat veg. Han hadde også merka seg at det i ein tekst på kommunen sine heimesider står at skianlegget i Totræna er kommunen sitt anlegg. Han bad om at dette vert retta opp.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Torbjørn Kirkhorn frå BKK orienterte om evt. utbygging i Aldal.

Kommunekasserar Eikestad orienterte om rekneskapstal for 2007, og eit positivt rekneskapsresultat på ca 5,8 millionar.

Adm.sjef rapporterte først budsjettkontroll for 2008. Positiv tilvekst i folketalet som utløyser ei meirinntekt på ca 600.000 i rammetilskotet.

Ordførar og adm.sjef orienterte om brev vedk utbygging av Bergen Havn. Plan og bygningslova regulerar framdrifta i denne saka, og ei oppstartsmelding vil verte kunngjort innan ca 3 veker. Kommunen må sjølv melde inn evt. aktuelle område når planprogrammet startar. Fusa har meldt inn eit område ved kommunegrensa til Samnanger. Kommunestyret får saka til handsaming i løpet av våren.

Ordføraren orienterte og las brev frå Oskar Røen vedk. den dårlige vegen til skianlegget i Totræna. Idrettslaget, grunneigarar og kommunen vil snarleg kome saman og drøfte evt. løysingar.

Ordføraren delte ut særutskrift frå møteboka til kontrollutvalet på saka om forvaltningskontroll i møtet.

Ordføraren minte kommunestyret om folkevalttopplæringa den 6 mars.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0001/08	06/00107 <b>VA-PROSJEKT OG TETTSTADUTVIKLING PÅ YTRE TYSSE - MILJØGATE, TUSENÅRSPARK OG KAI</b>
0002/08	05/00222 <b>FORVALTNINGSKONTROLL REHABILITERING SYMJEBASSENG</b>
0003/08	05/00222 <b>REHABILITERING SYMJEHALL SAMNANGER UNGDOMSSKULE – ENDRA FINANSIERING</b>
0004/08	08/00060 <b>TILLEGGSLØYVINGAR 2008 - MELLOMFINANSIERING AV BRANNBIL</b>
0005/08	03/00132 <b>SLEKTSSOGE FOR SAMNANGER. VAL AV TRYKKERI</b>
0006/08	08/00006 <b>GJENNOMGANG AV KOMMUNEORGANISASJONEN</b>
0007/08	07/00022 <b>BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE 2008 - 2011</b>
0008/08	07/00122 <b>BANDTVANG FOR HUND. KOMMUNALE FORSKRIFTER</b>
0009/08	08/00045 <b>INTERKOMMUNALT SAMARBEID LANDBRUK/MILJØ - FUSA, OS OG SAMNANGER. (SJÅ SAK 03/141)</b>
0010/08	07/00382 <b>VAL AV BARNAS REPRESENTANT I PLANSAKER.</b>

0001/08

**VA-PROSJEKT OG TETTSTADUTVIKLING PÅ YTRE TYSSE  
- MILJØGATE, TUSENÅRSPARK OG KAI**

**Framlegg til vedtak::**

1. Prosjektorganiseringa for VA-anlegg og tettstadprosjektet/miljøgata på ytre Tysse vert som skissert i saksutgreiinga
2. Det vert arbeidt vidare med VA-løysing i samsvar med saksutgreiinga. Alle hus langs miljøgata skal knytast til det kommunale VA-anlegget.
3. Forprosjekt datert 07-02.2008 justert i samsvar med saksutgreiinga vert lagt til grunn for vidare arbeid med miljøgata/tettstadprosjektet
4. Det vert vurdert fortetting av bustader og parkering ved tusenårsparken, jfr. reguleringsplanen.

**Handsaming i møte:**

Sigmund Dyrhoven bad om gruppemøte etter debatten.

Møtet vart mellombels heva.

Møtet vart sett.

Det vart røysta over framlegget frå PØ. Framlegget vart vedteke med 19 mot 2 røyster.

**Vedtak:**

1. Prosjektorganiseringa for VA-anlegg og tettstadprosjektet/miljøgata på ytre Tysse vert som skissert i saksutgreiinga
2. Det vert arbeidt vidare med VA-løysing i samsvar med saksutgreiinga. Alle hus langs miljøgata skal knytast til det kommunale VA-anlegget.
3. Forprosjekt datert 07-02.2008 justert i samsvar med saksutgreiinga vert lagt til grunn for vidare arbeid med miljøgata/tettstadprosjektet
4. Det vert vurdert fortetting av bustader og parkering ved tusenårsparken, jfr. reguleringsplanen.

0002/08

**FORVALTNINGSKONTROLL REHABILITERING SYMJEBASSENG**

**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune tek "Rapport 01/2007 – Samnanger kommune, rehabilitering av symjebasseng – vurdering av prosedyrar" til etterretning. Likeeins tek kommunestyret meldinga frå kontrollutvalet om rapporten om forhold som bør rettast opp til orientering. For å sikra gode rutinar ved gjennomføring av framtidige prosjekt, skal det lagast prosedyrar for rapportering om avvik som kan få følgjer for økonomien i anlegg. Desse prosedyrane skal m.a visa kva ansvar og oppgåver alle - frå kommunestyret – til kommunen sin prosjektansvarleg skal ha.

**Handsaming i møte:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune tek "Rapport 01/2007 – Samnanger kommune, rehabilitering av symjebasseng – vurdering av prosedyrar" til etterretning. Likeeins tek kommunestyret meldinga frå kontrollutvalet om rapporten om forhold som bør rettast opp til orientering. For å sikra gode rutinar ved gjennomføring av framtidige prosjekt, skal det lagast prosedyrar for rapportering om avvik som kan få følgjer for økonomien i anlegg. Desse prosedyrane skal m.a visa kva ansvar og oppgåver alle - frå kommunestyret – til kommunen sin prosjektansvarleg skal ha.

0003/08

**REHABILITERING SYMJEHALL SAMNANGER UNGDOMSSKULE -  
ENDRA FINANSIERING****Framlegg til vedtak::**

Til erstatning for mindre statstilskot enn føresett vert det nytta kr 100.000 av ubrukte lånemidlar rehabilitering skulane til fullfinansiering av symjehallen.

**Handsaming i møte:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Til erstatning for mindre statstilskot enn føresett vert det nytta kr 100.000 av ubrukte lånemidlar rehabilitering skulane til fullfinansiering av symjehallen.

0004/08

**TILLEGGSLØYVINGAR 2008 - MELLOMFINANSIERING AV BRANNBIL****Framlegg til vedtak::**

Personal og økonomiutvalet tilrår å finansiera brannbilen som fylgjer:

Bruk av næringsfondet	kr 1.760.000	
Refusjon mva	kr 440.000	
Mellombels lån av næringsfondet i påvente av mva-refusjon		kr 440.000

Endringa i budsjettet for 2008 vert gjort dersom brannbilen skal betalast i 2008.

**Handsaming i møte:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune finansierar brannbilen som følger:

Bruk av næringsfondet	kr 1.760.000	
Refusjon mva	kr 440.000	
Mellombels lån av næringsfondet i påvente av mva-refusjon		kr 440.000

Endringa i budsjettet for 2008 vert gjort dersom brannbilen skal betalast i 2008.

0005/08

**SLEKTSSOGE FOR SAMNANGER. VAL AV TRYKKERI****Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune trykker slektssoga i eit opplag på 2000 eksemplar frå Åsane grafiske til kr. 227.000 eks. moms. Kommunen forskotterar utgiftene frå disposisjonsfondet. Salsinntektene vert inntektsført fortløpande tilbake til disposisjonsfondet.

**Handsaming i møte:**

Frp v/Marion Langhelle sette fram følgjande alternative framlegg:

1. Samnanger kommune trykker slektssoga i eit opplag på 3000 eksemplar frå Øystese trykkeri til kr. 275.642 eks. moms.
2. Vil først foreslå eit innrykk i Samningen for forhåndsbestilling.
3. Liklydande andre og tredje setninga i tilrådinga frå PØ.”

Det vart røysta alternativt og punktvis over framlegga;

Pkt.1: 10 røysta for framlegget for PØ (1.setning) og 11 røysta for framlegget frå Langhelle, som vart vedteke.

Pkt. 2: 3 røysta for framlegget til Langhelle og 18 røysta i mot, og vart ikkje vedteke.

Pkt. 3: framlegget frå PØ vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune trykker slektssoga i eit opplag på 3000 eksemplar frå Øystese Trykkeri til kr. 275.642 eks. moms. Kommunen forskotterar utgiftene frå disposisjonsfondet. Salsinntektene vert inntektsført fortløpande tilbake til disposisjonsfondet.

0006/08

**GJENNOMGANG AV KOMMUNEORGANISASJONEN****Framlegg til vedtak:**

Framlegg til vedtak frå Administrasjonsutvalet:

Arbeidet med forvaltningskontroll for sentraladministrasjonen og for teknisk eining vert utsett. Det vert teke stilling til gjennomføring av den når resultatet av gjennomgangen av kommuneorganisasjonen er gjort.

Det vert etablert eit prosjekt "gjennomgang av kommuneorganisasjonen" som har til føremål å få vurdert ressursbruken på ulike tenester. Prosjektet vert organisert i samsvar med skisse i saksutgreiinga.

Administrasjonssjefen får fullmakt til å nytta inntil kr 200.000 til gjennomføring av prosjektet. Midlane kan nyttast til innleige av ekstrahjelp, til framskaffing av datamateriell og felles samlingar for personalet. Summen vert løyvd av forventa overskot på rekneskapen for 2007.

#### Framlegg til vedtak frå Kontrollutvalet:

- A. Forvaltningsrevisjon: kontrollutvalet gjer bestilling ovenfor BDO Noraudit på områdene
  1. Teknisk eining, prosjekt 2.
  2. Samnanger legekantor
- B. Kontrollutvalet søkjer kommunestyret om budsjettmidlar på inntil kr. 200.000,- for 2008.

#### **Handsaming i møte:**

Frp v/Tyra Pedersen sette fram følgjande tilleggsframlegg til framlegget frå kontrollutvalet: "Sette av kr. 50.000 som er prisen BDO Noraudit krever for å gjennomgå to prosjekt/områder som er pekt på i forprosjektet.

Samnanger kommune kan sannsynligvis spare pengar på å bestille område/problemstilling nr. 7 og nr. 3 som er lista opp under "sentraladministrasjonen";

- Problemstilling 7:

Har kommunen gode rutinar som sikrar ivaretaking av regelverket ved innkjøp ?

- Problemstilling 3:

Har sentraladministrasjonen god nok bemanning for å kunne ta i vare oppgåver og lovmessige krav på tenlig vis ? Er organiseringa av oppgåver og ansvar tenlig ? Kanskje interkommunalt samarbeid vil vere tenleg. Utgiftene vert dekkja frå disposisjonsfondet."

Nils Gåsdaal bad om gruppemøte etter debatten.

Kristian Jørgensen bad om at det vart høve til å røyste punktvis over framlegga.

Bl v/Vidar Rolland sette fram følgjande framlegg: "Tilråding frå adm.utvalet med følgjande tillegg til kap. 2: - Styringsgruppa utarbeider mandat og organiseringsskisse for arbeidet."

Møtet vart mellombels heva.

Møtet vart sett og opna for debatt.

Ap v/Olaug Øystese sette fram følgjande tilleggsframlegg til administrasjonsutvalet si tilråding: "Kommunestyret viser til skriv frå hovudtillitsvalt Margot Hisdal dagsett 07.02.08. vedr. bemanningssituasjonen. PØ får fullmakt til å gjera vedtak i dette spørsmålet evt. i ekstra sak."

#### Røysting:

Framleggstillarane slutta seg til forslag frå ordføraren om avrøystinga.

Det vart røysta alternativt over framlegg frå adm.utvalet og kontrollutvalet. Framlegget frå kontrollutvalet fekk 8 røyster og adm.utvalet fekk 13 røyster og vart vedteke. Dette førte til at tilleggsframlegget frå Pedersen også fall.

Det vart deretter røysta for Rolland sitt framlegg som fekk 11 røyster, og vart vedteke. Til slutt vart det røysta over framlegget frå Øystese som fekk 19 røyster og vart vedteke.

**Vedtak:**

Arbeidet med forvaltningskontroll for sentraladministrasjonen og for teknisk eining vert utsett. Det vert teke stilling til gjennomføring av den når resultatet av gjennomgangen av kommuneorganisasjonen er gjort.

Det vert etablert eit prosjekt "gjennomgang av kommuneorganisasjonen" som har til føremål å få vurdert ressursbruken på ulike tenester. Prosjektet vert organisert i samsvar med skisse i saksutgreiinga.

Styringsgruppa utarbeidar mandat og organiseringsskisse for arbeidet.

Administrasjonssjefen får fullmakt til å nytta inntil kr 200.000 til gjennomføring av prosjektet. Midlane kan nyttast til innleige av ekstrahjelp, til framskaffing av datamateriell og felles samlingar for personalet. Summen vert løyvd av forventa overskot på rekneskapen for 2007.

Kommunestyret viser til skriv frå hovudtillitsvalt Margot Hisdal dagsett 07.02.08. vedr. bemanningssituasjonen. PØ får fullmakt til å gjera vedtak i dette spørsmålet evt. i ekstra sak.

0007/08

**BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE 2008 - 2011**

**Framlegg til vedtak::**

Oppvekst og omsorg tilrår at Bustadsosial handlingsplan vert godkjent med følgjande merknad i delmål 2; kompetanse på bustadrådgeving må aukast.

**Handsaming i møte:**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:** Bustadsosial handlingsplan vert godkjent slik den ligg føre, datert 21.02.08.

0008/08

**BANDTVANG FOR HUND. KOMMUNALE FORSKRIFTER**

**Framlegg til vedtak::**

**Forskrift om bandtvang for hund i Samnanger kommune, Hordaland.**

Forskrifta er gjeven med heimel i lov av 4.juli 2003 nr 74 om hundehald, §§ 6, 9,11 og 28.

### § 1. Bandtvang.

I Samnanger skal hundar haldast i band heile året på følgjande stader:

-I og i tilknytning til bustadområde og handleområde skal hund haldast i band heile året.

-Turveien til Flesjane og kommunale badeplassar.

Hundar skal haldast i band eller forsvarleg innestengt eller inngjerda i tida 1. april til 31. oktober der husdyr beiter eller har beiterett.

### § 2. Forbod mot hund.

Hundar skal ikkje ha tilgang til Barnehagar, skuleplassar, kyrkjegarden og idrettsanlegget i Hagabotnane.

Hundar som føl blinde og svaksynte er unnateke frå dette forbodet.

### § 3. Reinhald.

Hundehaldar har plikt til straks å fjerna avføring som hunden let etter seg på gater, fortau, park, bru, ,bryggje, kai, strand, anlegg eller annan offentleg stad som ålmenta nyttar.

Avføringa skal deponerast på ein eigna stad.

Unntak frå lova er nemnd i § 9 i Lov om hundehald, og gjeld så langt desse ikkje er i strid med forskriftene.

### § 4. Dispensasjon

Kommunen kan dispensera frå bestemmelsane i forskrifta

### § 5. Ikraftsetjing

Denne lova tek til å gjelda straks

### § 28. Straff.

Brot på forskriftene vert straffa etter § 28 i Lov om hundehald

Vedteke...

### Handsaming i møte:

H v/Sture Tveit bad kommunestyret vurdera om han er ugild når han har gitt uttale på vegen av eit styre til denne saka. Tveit gjekk i frå og kommunestyret vurderte gildskapen. Tveit vart samrøystes funnen gild og deltok i handsaminga.

Krf v/Kristian Jørgensen sette fram følgjande framlegg: ” pkt 1 - Friområde Kvernesmarka, turvegen og kommunale badeplassar blir endra til offentlege badeplassar og ved drikkevasskjelder. Dei andre punkta er liklydande med PØ sitt framlegg.”

Frp v/Tyra Pedersen sette fram følgjande framlegg:” Strengest mulig båndtvang i Samnanger gjeld:

- alle boligområder

- alle hytteområder
- alle friluftsområder (inkl. badestrender)
- alle offentlege områder
- Dette for å gjøre det enklest mulig for både hundeiere og andre.
- Subsidiert: Generell båndtvang i hele kommunen hele året.”

Det vart først røysta over Pedersen sitt framlegg som fekk 4 røyster og vart ikkje vedteke.

Deretter vart det røysta alternativt over PØ si tilråding og framlegget frå Jørgensen. Jørgensen sitt framlegg vart vedteke med 14 røyster.

Øyvind Røen peika på at dei var ein del skrivefeil som må rettast opp.

## **Vedtak:**

### **Forskrift om bandtvang for hund i Samnanger kommune, Hordaland.**

Forskrifta er gjeven med heimel i lov av 4.juli 2003 nr 74 om hundehald, §§ 6, 9,11 og 28.

#### **§ 1. Bandtvang.**

I Samnanger skal hundar haldast i band heile året på følgjande stader:

- I og i tilknytning til bustadområde og handleområde,
- Offentlege badeplassar
- Ved drikkevasskjelder.

Hundar skal haldast i band eller forsvarleg innestengt eller inngjerda i tida 1. april til 31. oktober der husdyr beiter eller har beiterett.

#### **§ 2. Forbod mot hund.**

Hundar skal ikkje ha tilgang til barnehagar, skuleplassar, kyrkjegarden og idrettsanlegget i Hagabotnane.

Hundar som fylgjer blinde og svaksynte er unnateke frå dette forbodet.

#### **§ 3. Reinhold.**

Hundehaldar har plikt til straks å fjerna avføring som hunden let etter seg på gate, fortau, park, bru, bryggje, kai, strand, anlegg eller annan offentleg stad som ålmenta nyttar.

Avføringa skal deponerast på eigna stad.

Unntak frå lova er nemnd i § 9 i Lov om hundehald, og gjeld så langt desse ikkje er i strid med forskriftene.

#### **§ 4. Dispensasjon**

Kommunen kan dispensera frå bestemmelsane i forskrifta.

#### **§ 5. Ikraftsetjing**

Denne lova tek til å gjelda straks.

**§ 28. Straff.**

Brot på forskriftene vert straffa etter § 28 i Lov om hundehald.

Vedteke Samnanger kommunestyre, sak 08/08 den 21.02.08.

0009/08

**INTERKOMMUNALT SAMARBEID LANDBRUK/MILJØ - FUSA, OS OG SAMNANGER. (SJÅ SAK 03/141)****Framlegg til vedtak::**

Felles landbrukskontor for Fusa, Os og Samnanger held fram som permanent ordning basert på tidlegare inngått samarbeidsavtale. Det vert føreteke desse justeringane i avtalen:

Punkt 8

Fordeling av kostnader vert som følgjer, gjeldande frå 2008:

Fusa: 43%

Os: 39%

Samnanger: 18%

Dersom ein kommune har aktivitetar som krev mykje oppfølging frå landbrukskontoret eit år, kan ein etterskotsvis justera prosentsatsane for det aktuelle året. Administrasjonssjef/rådmann i samarbeidskommunane får fullmakt til å foreta slik justering.

Punkt 10

Avtalen gjeld til han vert sagt opp. Frist for oppseiing av avtalen er eit år. Oppseiinga må vera skriftleg med verknad frå 01.01.

**Handsaming i møte:**

Det vart røysta over framlegget frå PØ som vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Felles landbrukskontor for Fusa, Os og Samnanger held fram som permanent ordning basert på tidlegare inngått samarbeidsavtale. Det vert føreteke desse justeringane i avtalen:

Punkt 8

Fordeling av kostnader vert som følgjer, gjeldande frå 2008:

Fusa: 43%

Os: 39%

Samnanger: 18%

Dersom ein kommune har aktivitetar som krev mykje oppfølging frå landbrukskontoret eit år, kan ein etterskotsvis justera prosentsatsane for det aktuelle året. Administrasjonssjef/rådmann i samarbeidskommunane får fullmakt til å foreta slik justering.

Punkt 10

Avtalen gjeld til han vert sagt opp. Frist for oppseiing av avtalen er eit år. Oppseiinga må vera skriftleg med verknad frå 01.01.

0010/08

**VAL AV BARNAS REPRESENTANT I PLANSAKER.**

**Framlegg til vedtak::**

Biblioteksjef Astrid Holmefjord vert vald til barnas representant i plansaker.

**Handsaming i møte:**

Sture Tveit sette fram følgjande framlegg:” Audhild Aadland Olsnes vert valt til barna sin representant i plansaker.”

Nils Gåsdal bad om saka vart utsett.

Det vart først røysta over utsettingsframlegget, som fekk 16 røysta og sak vart utsett.

**Vedtak:**

Saka vart utsett.